



Direktør ved Festspillene i Bergen Per Boye Hansen freista seg som flammespyttar under programsleppet på onsdag. Foto: Scanpix

# Reindyrka festspel

Årest program for Festspillene i Bergen er lovande, bortsett frå ein merkeleg skamplott.

SJUR HAGA  
BRINGELAND



Kommentar

Alt var som det skulle vere på den kunstnarlege pressekonferansen som markerte sleppet av årets festspelprogram i Bergen onsdag, med skarptrommer, høgre offiserar frå fleire våpen-greiner og flammeblåsing. Dette

**Bjarte Hjelmeland har skaffa oss den fyrste valdsdømde kyrkjebrannforsvararen på statsløn i Noreg.**

siste var det festspelgeneral Per Boye Hansen sjølv som stod for. At elden or anden hans loga opp fyrst etter andre freistnad, minner oss om at det å utøva kunst ikkje er noko alle er laga til.

## FOLKEKRAVET

Etter festspela i fjor reiste det seg ein debatt om kva Festspillene i Bergen bør vera, utløyst av kritikken mot festspelsjefen om manglande openheit. Representantar frå lågadelen i Arbeidarpartiet fanga opp murringa og koka i hop eit «folkekra» om meir

«folkelegdom», sirleg formulert i kansellistil i bergensavisene.

Korleis denne offentlege prosessen vil prega dei komande festspela, var det knytt stor spenning til. For kan institusjonen leva opp til både det å trekkja til seg eit internasjonalt publikum og samstundes interessera den jamne bergensaren? Om Leif Ove Andsnes' Risør Kammermusikkfest hadde sikta seg inn mot den lokale risørværinga, hadde nok ikkje eg vilja koma.

## SJANGERSERIAR

Då kravet om «folkelegdom» herja som verst, lova Boye Hansen å flytta opningsseremonien frå den «lukka» Grieghallen til eit «ope» arrangement på Bergenshus festning. Men bortsett frå dette ser programmet for festspela i år godt ut. Ikkje minst grunna

dei mange reindyrka sjangerseriane, med kammermusikk i Håkonshallen og tidlegmusikk i kyrkjene. Med andre ord er me sparde for dei malplasserte sjangercocktailane me opplevde i fjor, for ljodlaus barokkmusikk i gigantiske Grieghallen, avbroten av brutale elektroakustiske verk – eit tiltak frå arrangøren for gjennom tvang å sikra samtidsmusikkprosenten i blodet til publikummet. Festspelverda går framover. Lat oss vona det er ein trend.

## ABSURD

Berre éi oppsetjing står som ein absurd svart flekk på Festspillene i Bergens program i år. *Svarstediket*, den fyrste black-metal-musikalen i verda, er produsert av Den Nasjonale Scene og skal synast fram heile tretten gonger

under Festspela. Her spelar den tidlegare black-metal-vokalisten i Gorgoroth Kristian «Graahl» Espedal ei hovudrolle. Mannen som mellom anna er dømd til fjorten månaders fengsel for «rå, massiv og langvarig vold» (jf. domsavgjerd) mot ein sunnfjording, uttala denne veka til Bergens Tidende at «jeg mener veldig, veldig sterkt at symbolverdien ved å brenne ned kirker er bra».

Teatersjef Bjarte Hjelmeland insisterer på at han hyrte Graahl «utelukkande av kunstnarlege omsyn», av di han «høver så godt til rolla».

Det er berre å gratulera Hjelmeland med å ha skaffa oss den fyrste valdsdømde kyrkjebrannforsvararen på statsløn i Noreg.

Sjur Haga Bringeland er muskar og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

# Sæle munn og mæle

Munn og mål heng i hop. Språket sjølv stadfester dette sambandet godt og greitt. Til dømes seier me at ei som vert mållaus eller slit med å få fram orda, ikkje berre misser *mæle*, ho misser jamvel *mun*n. Utan munn, inkje mål. Me treng tunge, tenner, lipper og munnhole både når me et og når me ber fram ord. No tek det seg ikkje so godt ut å tyggja og tala samstundes, men her skal me bry oss mest om ordsikk og minst om bordskikk.

Tunga er ein sær viktig reiskap. Det er i det heile ugreitt

å tala utan *tunge*, særleg om me brukar *tunge* i tydinga 'språk'. I mange hundre, eller tusen, år har folk nytta namnet på dette beinlause organet i munnen i staden for, eller jamsides med, ord som *mål* og *språk*. Soleis kan me seia at du talar «norsk tunge» eller «framand tunge». Det finst endå til dei som kan «tala i tunger».

Jamvel om me nyttar *tunge* i den opphavlege tydinga, om organet tunge, vert me snart merksame på endå ei kopling til språk og tale. Somme ord og vendingar tyder på at det ikkje berre er mat me kan ha på tunga, me

kan visst ha ord der òg. «Eg har det på tunga!» ropar me ut, endå munnen er tom og tunga fri. «På tunga» kan me ha alt frå namn og årstal til diktstrofer og fjelltoppar. Det er vel òg litt i strid med lekamslæra å seia at nokon «talar med to tunger»?

Med andre ord er det mykje rart som går føre seg i munnen – og det er ikkje berre i din eigen munn at saker og ting hender. Rett som det er talar folk «i munnen på kvarandre». Nokon blander seg jamvel borti det du har tenkt å seia i og med din eigen munn: Folk kan både «leggja ord

i munnen på deg» og attpåtil «ta ordet ut or munnen på deg». Det tryggaste er nok å tøyma tunga og ha munnen stengd med sju segl, so ingen slepp inn.

Men det vert lite mål og mæle med stengd munn, og særleg vanskeleg vert det for dei som er nøydd til å «lesa på munnen» din. Må tru om dette uttrykket provar at *mun*n kan tala utan *mæle* (røyst)?

KRISTIN FRIDTUN

Kristin Fridtun er nordiskstudent.  
E-post: fridfun@stud.ntnu.no



Ord om  
språk